Førsteblad 1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 10 Fylke: Opland

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Ringebu

Emne: Lyngjing og mosing Bygdelag: Venabygd

Oppskr. av: Einar Hovdhaugen Gard: Venåsen

(adresse): Venabygd G.nr. 3 Br.nr. 3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

I. Lyngjing har ikkje vore nytta vidare her i bygda. I meire sjeldne tilfelle i vårknipa, når fôret tok ende kunne det nok hende at einkvan sanka litt lyng, men vanleg var det ikkje, og såleis heller ikkje faste former knytt til arbeidet.

II.

1. Her var mose vanleg sanka kvart år. Ennå e det mange som sanker mose, men dei siste 10-15 åra e det vorte færre og færre. Skort på arbeidshjelp har gjort mykje.
2. Sanke mose for heile vinteren. Ein rekna 4 lass på nautet. Mange brukte meire.
3. Det må vera regnver — „måsåver". Mosen må vera våt.
4. Frå gamalt var både karar og kvinnfolk med på å ta mose. Dei låg oftast på setrom.
5. Ein tek mose — „kastar måsån" — med „måsårive", ei stutt rive med 15-20 cm. lange jarntinder.



Måsårive.

1896

6. Nei.

7. Ein finn ut ein stad i fjellet der det e måsåtøkje og kastar mosen i haugar. Fyrst kastar ein ein stor avlang haug som kallast botn, så kastar ein mindre fathaugar. Fathaugane ber ein i måsåfatet og tømer det på botnane til det blir eit lass. Det kallast å bra ihop. Sumetider legg ein litt bjørkeris under botnane, men ikkje alltid. Når mosen e bore i hop formar ein lasset. Det heiter å sake mosen. Eit moselass kallast ofte måsåsåte. Ein klakkar mosen ihop når ein sakar han og formar han fint med hendene.




Ein merker moselassa med vetaer = ein bjørkekvist i toppen.

8. Ein kunnar gjerne mosen før jul. Ein slår handspikarar under moselassa med måsåklubba og så bryt ein mosen, d.v.s. ein veltar lassa opp. Så køyrer ein lassa saman til ein kunne.

9. Ikkje så det kan seiast å vera fast skikk, men det hender ofte at dei som har mose på same staden går saman om å kunna han.

10. Ein køyrer mosen saman til ein kunne i nærleiken av fjøset. Så tek ein inne frosen mose for ein 2-3 dagar om gongen og tiner han på måsåhjellen inne i fjøsvarmen.

11. Kui, geit og sau. Ein gjer alltid mosen åleine. Dyr som e vande med mose e heilt forstyrra etter han.

1896

12. Mose er fint for. Dei gamle hylete det
var vanskeleg få nytig mjølk utan mose.
Sjølv har eg i lange tider nytta mose til
for, men har i det seinare slutta av skort
på arbeidshjelp. Mosen er reint Kulhydratfor
og gjev gjerne litt mager mjølk. Men er ikkje
rett samansett foring eit uppvarleg for som
gjev dyra trivnad. Før det vart vanleg med
silo og rotvokstrar var mosen einaste
saftforet her. Ein reknar 7-8 kg. mose
pr. f.e.

<u>Annan mose.</u>

1. Matmose vart tildels sanka til grisefor.
Dei kokte graut av han.
2. Nei.

1896

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING